



Fylkessongar Horvei var svært nøgd med øvinga

**100-årsmarkeringa for kyrkja er slett ikkje over. Fleire høgdepunkt står att og eitt av dei kjem 21. september med programmet JUBELSANG MED HIMMELSK KLANG. Soknerådet og jubileumsnemnda har inngått eit samarbeid med skulen om ein eigen konsert i kyrkja og den fyrste øvinga var i Aktivitetshuset i dag. Den var svært lovande, konstaterte fylkesmusikar Reidun Horvei som har teke på seg dette prosjektet saman med gitarist og fylkesmusikar Øyvind Lyslo i Sogn og Fjordane og vår eigen organist Eva Megyesi.**



Her er det femteklassingar som imponerar

– Vi har ein konsert med religiøse folketonar å by på for jubilanten, seier Horvei som var imponert over dei mange flotte songrøystene i Uskedalen.

Programmet inneheld 11 songar som både har vore nytta her i Kvinnherad og andre stader - 2 faktisk i Skottland! Det var 49 elevar som song i dag. Fyrste, andre, tredje, fjerde og 2 sjetteklassingar song saman og så kom femte for seg. Sjuande klasse var ikkje med.

Horvei minte om historia, mellom anna korleis det var i gamle dagar då dei ikkje hadde orgel i kyrkja men då kyrkjesongaren eller klokkaren sang fyrst og kyrkjelyden kom etter. Og då orgelet kom var det ein kontroversiell sak.

Under konserten skal Horvei syngja og Megyesi spela solo.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Inga problem med å få elevane til å engasjera seg i songen!